

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Tjelberg

Emne: Bryne

Bygdelag: Halsarøy

Oppskr. av: O.M. Enes

Gard:

(adresse): Sebovika.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. - No brukar folk flest namnet Bryne. For ein mannalden sidan var og namnet Kvalstein (Kvastein) i bruk. Men det er sjeldan å høyra det namnet no, jamvel av gamle folk.

Likevel kan ein endå høyra eldre folk tala om å kvelfja gjæen; men det vanlege uttrykket er å bryna gjæen.

Namnet Stein vert enno bruka. Men heinen er stettare og finare enn brynet, og vert bruka til å kversu barberkniven, sakser og andre finare bejarn med. Brynet er grovare og vert bruka til gjær, oksar, sigder o.s.

2. No er det mest kunststein, smergel, som vert bruka til bryne. For 20-30 år sidan bruka dei mest naturstein. No er den meir komen or handelen. Her i heradet finn dei ikkje brynestein. Dei kjøper dei annan stad ifrå.

3. Dei sliper bejarnet (gjæen, sigden, kniven o.s.) på ein rund stein til det er framslipt, d.o.s. til det legg seg ei roe på eine sida av eggi. For bejarnet vert teke i bruk eller sliping, vert roa teken bort med eit bryne. Under arbeidet bryner dei so t.d. gjæen med passande millomrom til det er so sløvt at det må slipast på ny.



21  
4. Eg har höyrð fræsegu om at dei i „gamli“ dagar bruka á kvessa ljæn, sidan o. d. ved byrning (ein tryna ut eggj med ein hamar) Men det er det trug minst 100 år sidan dei slutta med. Forleis byrningi eiguttelz gjekk fyre seg, har eg ikkje kunna få greie på.

Fra tid slipingi på rund slipestein kom i vanleg bruk, er vanstely á seia.

5. Ein slik stilleliggjande stein som dei brukar á kvessa beljarn på har eg ikkje höyrð vore i bruk her i bygdi. Eg har ikkje höyrð det har vore bruka á ta slipesteinan med út på arbeidsplassen. Den stod alltid heime i tunet.

6. For lenge ein kunde bruka t. d. ein ljå utan á slipa han oppatt, var nokså indivi- duelt. Tíme hadde godt lag til á halda bet i ljæn med trynet, - andre mindre godt lag. Men hadde ein slege med ein ljå i 4-5 timar, var det nok vanleg á slipa.

7. Eg har ikkje höyrð om at nokon brukar bryne av tre. Når dei slår med ljå brukar dei berre 1 bryne i seinn.

8. Stutt-ljå eller stutt-orv vert alltid slipt med orvet på ljæn, - og då held ein mest alltid eggj mot seg under slipingi.

Langorven, - langljæn, - tek ein der imot som oftast av orvet nær ein sliper, og då held ein som regel eggj frá seg.

9. Når ein skal bryne langorven set ein ~~ende~~ enden av orvet i bakken, - held ljæn med vinstre handa og bryner med hógre. Når ein bryner stuttorven set ein enden av orvet inn mellom beina, - legg den eine foten



- over den andre, held hjæn med vinstre handa og bryner med høyre.
10. Dei som no slår med hjæ brukar helst å ha brynevatn med seg i sin dünk eller bytte som dei set ifrå seg på slåtteleiagen. Den kallar dei då brynedünk eller brynebytte. Dei kan vera laga av tre eller blikk etter som det høver.
  11. Nei, det har eg ikkje høyr omtala her.
  12. Føll beut.
  13. Dei fuktar brynet både av natunstein og kærstein. Har ikkje høyr om at dei brukar olje eller tjära på brynet.
  14. Det mjølet som lagast på brynet har eg ikkje høyr nokos namn på.
  - 15 og 16. Eg har ikkje høyr fråsegn om at slikt mjøl har vore brukt som lekjeråd mot sjukdomar av noko slag.
  - 17 og 18. Om dette er det ingen fråsegner her.
  19. Summe brukar å spotta på brynet når dei bryner. Då seier dei slundom: Tori!
- Andre ord som er knytt til dette har eg ikkje høyr om.